

Kyrkjetonar



Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Lukas 2: 10-14

Framsdebiletet:

Jarle Waldemar engasjerte små og store i Skjoldastraumen kyrkje 20. november.
Foto: Janne Eide

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø,
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Advent er full av skaparglede

I dette nummeret er det omtala fleire juleverkstadar som har vore og som skal arrangerast fram imot jul. Ein av dei tinga mange barnelag gjer medan dei ventar på julefreden er å klippa og lima julepynt før dei et grøt med mandel.

I større eller mindre grad har me alle ei skaparglede. Gleda over å henga ei ny perla på juletreet, teikning på kjøleskapet eller å pussa opp eit rom eller bygga ein vegg.

Omsorga me viser for vår eigen-produserte pynt eller sjølvspikra vegg utviklar seg med alderen, men når me har lagt ned mykje arbeid og kjærleik i noko, då vil me også verna om det etterpå.

Gud skapte jord, himmel og alt godt som er rundt oss. Når alt var skapt, på seks dagar, brukte han den sjuande dagen på å kvila og beundra skaparverket. Gud såg at det han hadde skapt var godt, og han ville beskytta det. Når då Gud såg at syndefallet hadde stengt vegen mellom jord og evig himmel, så måtte han inn å beskytta skaparverket sitt.

Skaparen si omsorg for skaparverket gjorde at Han gjorde eit stort offer for å gjenoppbygga vegen til evig liv.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han.

John. 3:16-17

Skaparen har omsorg for deg. Du kan takka Han for omsorga og la han beskytta deg. God advent og jul.

Ståle Hustoft

redaktørens hjørne



Redaksjonen avslutta: 24. november



Arne Aurdal i aksjon under andakten.

Fullt hus på kirketorget

av Asbjørn Erdal

Høsten er basartid. Rundt omkring jobbes det mye med å lage eller få tak i gevinster, bake kaker og selge lodd. Mange foreninger og lag har dette som en kjærkommen inntektskilde.

I uka før høstferien, pleier Førre-Aksdal KFUK-KFUM ha sin tradisjonelle basar. I forkant har mange ungdommer vært ivrige loddslagere. På basardagen stiller foreldre, søsken og mange besteforeldre opp. Da blir det stappfullt på kirketorget i kirken i Aksdal.

Kakene og kaffen smaker godt og folk koser seg. Tensing koret One-Way synger, og Arne Aurdal fenger folk når han holder andakt og viser store tegninger. Bilder fra årets aktiviteter vises på veggen. Speiderne selger lodd, og så skal gevinstene trekkes. Folk er spente, og man hører jubelrop når noen vinner.

Årets basar gav 55000 kr i inntekter, og det blir brukt til speiderarbeid, ungdomsklubber, tensingkor og bidrar til å lønne ungdomsarbeider og ettåring. Takk for penger til et viktig arbeid!

Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol

mobiltelefon: 982 42 073

Sokneprest Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 934 15 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Kristin Trageton Skofteland

Medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro

Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Førresfjorden: Kari Undheim

Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta

Skorpe Elverhaug

Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Kari Undheim, telefon 928 08 103
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Eva Birkeland

Mobiltelefon: 950 51 038

Bokn kommune: Jan Magne Moi

Mobiltelefon: 913 59 668

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold

Mobiltelefon: 404 11 889

Førresfjorden sokn: Målfrid Høie

Telefon: 52 77 36 88

Bokn sokn: Odd Grønnestad

Telefon 52 74 84 03

Nedstrand sokn: Steinar Nordeide

Mobiltelefon: 934 15 403

Skjoldastraumen: Barbara Stølvik

Telefon 52 77 92 78



Bildet over: Stifinneren Therese Sirnes har fått med mormor Sigrid Sirnes på basar.

Bildet t.v: Speiderne Arvid Halleland og Peder Undheim selger lodd.

Håpet kom!


av Erling J. Pettersen, Stavanger biskop

I juli sat eg i Stavanger Rådhus under leiing av varaordfører Bjørg Tysdal Moe, saman med jødar frå Netanya og kristne palestinarar og muslimar frå Nablus, dei to venskapsbyane til Stavanger. Det var midt i den spente konflikten, og vi skulle leite etter teikn på håp ut frå våre ulike trusutgangspunkt. Det var organisasjonen Chefs for Peace, Kokker for fred, muslimske, kristne og jødiske stjernekokkar, som hadde samla oss. Midt i dei vanskelege forhandlingane seier ein av leiarane for denne vesle fredsorganisasjonen til meg: *Husk at Jesus Kristus kom med håpet til vår jord! Det er derfor vi aldri må gi opp arbeidet for fred!*

Orda har sete i meg sidan, i eit år då terror og forferdeleg voldsutøving frå Syria, Irak og Ukraina har prega nyheitene. Og eg er ikkje aleine om å vere rørt av dei mange barneansikta på flukt frå terroren. Det er gonger då vonløyse over krigens vondskap vil ta overhand. Då må eg ta fram orda frå den armenske kristne fredsaktivisten: Husk at Jesus Kristus kom med håpet til vår jord. Og eg ser djupet i Bjørn Eidsvågs vakre julesalme i vår nye salmebok:

*I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtes håpet til vår jord.*

Gud bringer håpet til oss i eit sårbart, lite menneskebarn, utlevert til Maria og Josef sin omsorg og kjærleik. Han kom ikkje med militær makt, men i det mest sårbare av alt: det nyfødde barnet. Derfor gjer eg orda til Bjørn Eidsvåg til mi helsing i denne adventstida, der vi skal få lov til å tru på det trassige håpet:



*I det stille, til de små
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom!*

Velsigna advent og juletid!

Vil du lære mer om bønn i hverdagen?



Ønsker du en ny glød i ditt bønneliv?

Nå er bønnestudieheftet **"Tenn en lidenskap for bønn"** kommet i et nytt opplag. Dette praktiske og enkle heftet fra Moms in Prayer, er ypperlig å bruke i bibelgruppa, husfelleskapet eller andre grupper. Det kan også brukes som et personlig bønnestudium. Her får man lære og praktisere bønn gjennom tilbedelse, bekjennelse, takk og forbønn også kalt Firetrinnsbønn.

Opplegget er lagt opp for 6 samlinger. Deltakerheftet koster kr 80 og lederheftet kr 100.

Heftene kan bestilles hos: Mødre I Bønn, Vågadalsveien 8A, 4120 Tau eller på <http://momsinprayer.no> under materiell.

TAR DU UTFORDRINGEN, NÅ?

Din livserfaring kan være til hjelp for andre.



Vi trenger flere frivillige til vaktrom på Haugalandet!

Innføringskurs for telefonvakter starter onsdag 4. februar 2015. Kontakt Kirkens SOS i Rogaland snarest på tlf: 51 88 45 15/97 17 09 95 eller på epost. Kurssted: Rossabø kirke



Kirkens SOS

www.kirkens-sos.no • epost: rogaland@kirkens-sos.no



Misjonsmessa i Skjoldastraumen

tekst: Elisabet Sande/ foto: Janne Eide

Lørdag, 15. november var dagen for den årlege misjonsmessa i Straumen. Det er NMS foreningane i Nedstrand og Skjoldastraumen i lag med mange frivillige som arrangerer dette. Der var salg av handarbeid av ulike slag, kaker, lefser, potetkaker, spennande syltetøy, dravle, epler, kristorn, gravpynt, poteter m.m.

Og kafe heile dagen med risengrynsgrøt og mykje godt heimebakst og kaffe.

Messa opna kl. 10.00 og kl. 11.00 var det andakt v/Magne Smørðal. Han har vore mange periodar/år på Madagaskar som misjonær. Nydeleg sang av Jorun Dirdal og Olaug Løvbrekke.

I kjellaren var der juleverkstad for borna der dei laga julepynt m.m. I kjellaren var der og bruksalg som var godt besøkt. Til familiesamlinga kl 13.30 stilte Straumen barnekor opp og sang så flott til oss!

Dag Tormod Milje hadde andakt, og ingen kunne unngå å høyra det viktige budskapet, for han gjorde det kjent på Kamerunesisk vis!

Vi hadde to åresalg og stor hovudtrekning til slutt. I tillegg hadde vi og ei bok som var spesielt for barna, og tombola. Mykje hadde komnt inn på loddøkene på førehandssalg, og det vart eit flott samla resultat: KR. 142.400,- til Det norske misjonsselskap!

Takk til ALLE som gjorde dette flotte resultatet mogeleg, både dei som jobba og alle som har delteke på ymse vis, ved å kjøpe lodd, årar og varer.



Kick off leir på Nedstrand

av Karianne Dagsland, Ungdomsarbeidar

Closer

24. - 26. september arrangerte Closer kick off leir på Nedstrand for ungdom frå 8 klasse og oppover. Det var 30 ungdomer frå Tysvær og Bokn som var med på leiren, og me hadde det veldig kjekt!

På laurdagen hadde me ulike Workshop som deltakerane kunne velge mellom;

- Lyd; korleis sette opp og styre lyd.
- Kanopadling på Lysevatnet
- Minileiarkurs
- Leirkor
- KRIK – Kristen idretts kontakt
- Tema samling kor ein jobba litt vidare med tema tru.

Laurdag kveld hadde me eit fint kveldsmøte med andakt og song. Sundagen deltok me på gudstenesta i Nedstrand kyrkje.

Det vart ein veldig kjekk leir som me håpar å videreføra med endå fleire deltakerar.

Jarle Waldemar

av Janne Eide


Jarle Waldemar besøkte Skjoldastraumen kyrkje for tredje gong til stor glede for store og små - syttiein i talet!

Med kreativ formidling, sang og entertainment fekk han heile forsamlinga med inn i advent og julestemning.

Jarle brenn for at barn skal få høyre om Jesus på en kreativ måte. Han lager DVD-er, CD-er, bøker m.m. Jarle Waldemar reiser også rundt og forteller om Jesus ved hjelp av sang, trylling og kreativ andakt.

Når ramma blei fylt med maleri om Jesus som blei født julenatt, kraup ungane heilt innpå - dette var spennande og kjekt!

Etter konsertforestillinga blei det servert pølser og juice og fleire fekk med seg DVDar og bøker av Jarle Waldemar før dei vandra ut i novemberkvelden.



*Julegleda er på vent
Frelsaren er til oss sendt.
Julesnø og julelys,
gjer oss glade nå om dagen,
men om lysa brenn i hagen,
snøen ligg på tre og busk,
kjære venn, ver snill og husk:
Julefred og juleglede
får du først når julas gjest
blir den største hedsgjest,
Ikkje berre nå i jula,
men kvar dag i heile året
Han er hyrde, bror og venn
Tid for takk - når lysa brenn!*

G.H. Des. 2012



foto: Liva Espeland



Stor aktivitet for konfirmantane

av Greta S. Elverhaug

Konfirmantane i Førresfjorden menighet er godt i gong med konfirmantåret. Alle gruppene har undervisning med sokneprest Bård Egil Dyrhol, prest Gjermund Lygre eller menighetspedagog Greta Skorpe Elverhaug. Innimellom er det og andre leiarar med.

Konfirmantane er delt inn i ulike grupper. Kvar konfirmantgruppe har sitt særpreg og dei får vere med på ulike aktiviteter og arrangement. Nokre gonger er det felles samling for alle konfirmantane, som t.d "Kick off"-samlinga me hadde i september. Samlinga blei ein flott start på året for dei 83 konfirmantane!

Hjelpelederane har hatt leiarkurs for å lære om kva det vil seie å vere ein god hjelpeleiar. I løpet av året blir dei godt kjende med borna i Gla` sang, Minisong, KOS og aktivitetene i Kyrkjener. Friluftsgruppa overnatta under open himmel. Akkurat då dei kom ned frå turen laurdag føremiddag kom regnet..!

TT- konfirmantane ventar med sin tur til sommaren. I juni dreg ca 25 stk til Gjøvik for å delta på Tenårings-Treff2015, saman med ca 2000 andre ungdommar!

Klubbkonfirmantane er med på ungdomsklubben som er i Aksdal kyrkje. Fredag 14. nov var dei, TT-konfirmantane og One way (tensingkoret der det og er konfirmantar med) på Good night i Håvikhallen, eit stort ungdomsarrangement.

Se, smak og kjenn har samlingar på dagtid og det er diakon Kjersti Lofthus og organist Kari Undheim som er hovudansvarleg for denne gruppa. På samlingane bruker dei sansane til å lære om kristen tru. Gruppa er tilrettelagt for konfirmantar med ein funksjonshemming eller utviklingshemming.

Dette året har me og ei gruppe som me kallar for Kjekkk & grei. Dei har hatt ulike oppdrag; Misjonsmessa på Førre med åresal, anna praktisk hjelp og rydding til slutt. Dei har og vore med på gartnerarbeid på Stenestaden og meire til.

I løpet av året er konfirmantane med og deltek aktivt på gudstenester. I oktober hadde me ein flott gudsteneste der konfirmantane mellom anna hadde drama om Jesus og kvinna ved brønnen. På kyrkjekaffien kom det inn ca 700 kroner til eit vannprosjekt i Mali. Konfirmantane hadde laga "Foforo", boller frå Mali og te som dei selde.

Neste gong du ser konfirmantane, så har dei kanskje på seg ein kvit kappe. Då er det blitt desember og dei deltek på Lysmessa.

Me som er ansvarlege for konfirmantane, får bli kjende med veldig flotte og kjekke ungdommar! Ungdommen nå til dags....er heilt topp!



Andreas E.Skjold i aksjon i hagen.



Henry Mundal Lien og Chris Andre Korsnes Nielsen i aksjon med hagearbeid.



Kaj Tore Østebøvik er med og rydder ut av huset til farfar. Huset skal tømmast for å selgast.



I dag har jeg støvsugd huset for mamma. Det ble hun veldig glad for.



Filip Tveita Bådsvik og Kyrre Ødegård reiv ned en lekehytte.

Oppdrag Kjekkk & Grei!

av Greta S. Elverhaug

I Førresfjorden har me kalla ei av konfirmantgruppene for "Kjekkk & Grei." I haust fekk dei eit oppdrag: "Gled nokon!" Arbeidet skulle vare ca 2 timar og vere til glede og nytte for nokon.

Under ser du resultatet av oppdraget. Konfirmantane har sjølve tatt bileta og skrive teksten. Dei har vore kreative i oppgåvene og eg trur at mange fekk glede av det dei utførte!



foto: Linda Sandnes

Glede over Barnebibelen

4-åringane på Bokn viste stor interesse for Barnebibelen som dei fekk i kyrkja, søndag 16.november! Då gudstenesta kom, var dei allereie «varme i trøya» etter «undretur» dagen før.

Presten stilte spørsmål om leseinteressen i heimen, og borna ga ærlege svar som framkalla lun latter i kyrkjelyden. I tillegg til Barnebibel, fekk 4-åringane også den nyproduserte boka «Kyrkja mi».



foto: Linda Sandnes

Alternativ halloween for 12-åringar.

Fredag 31.oktober var ein fin gjeng med 12-åringar samla på Bokn bedehus til "alternativ halloweenfeiring.»! På dette arrangementet var det fokus på godleik og Jesus som ljuset i verda, samstundes som me tok med element frå vanleg halloweenfeiring. Andakt, refleksløp, utholing av gresskar, utkledding og god mat var med på å skape gode relasjonar og ein god kveld for alle!

12-åringane gjekk på "catwalken" med sjølv laga kreasjonar laga av plastsekkar, kreppapir og litt sminke og hårspray! Latteren sat laust, og det verka som om alle hadde ein kjempekoseleg kveld!



Lys Vaken i Bokn

av Jan Magne Moi

14 forventningsfulle 11-åringar møtte til Lys Vaken – samling i Bokn kyrkje 21. – 22. november. Det er ei eingongshending å sove i kyrkja. Det er spennande. 4 konfirmantar var til stor hjelp i gjennomføringa. Marit Sofie Teistedal Vikre hadde regien med samlinga. Borna fekk lage seg ein Kristuskrans. Det var ikkje lett å tre innpå kulene utan at dei seilte ut av tråden i den eine eller andre enden. Underteikna mista kulene mange gonger. På forskjellige måtar fekk me læra kva kulene betydde og kva dei skulle minna oss om.

Til avbrekk drog me til bedehuset der Ingrid Jøsang diska opp med nydeleg Taco. Me fekk også tid til julegaveproduksjon, snop, quiz (laga av konfirmantane) og leikar på bedehuset, før me vendte tilbake i kyrkja. Då fekk me høyre om Samuel i tempelet. Samuel sov i tempelet. Korleis gjekk det så til med vår soving? Det var vanskeleg å finne roen der ein låg tett i tett i midtgangen. Men etter ei god stund, vart det ro. Sjølv hadde eg lurt med meg ein skikkeleg madrass, så timane eg sov var veldig gode.

Laurdagen vakna me til orgelmusikk. Marit Sofie spela. Lillian Grønnestad var medhjelpar og ho hadde ordna frukostbord i våpenhuset. Det gjekk svært så greitt.



Foreldra møtte mannjamnt opp kl. 10 til avslutningssamling der me fekk repetera og vise fram for foreldra både kuler, drama og songar. Alle deltakarane fekk kvar si nye salmebok. Det var ei gave soknet hadde fått til dette arrangementet. Difor måtte me tjuvstarte med den nye salmeboka. Eit svært vellukka «døgn». Takk til leiarar og til deltakarar.

Bilete over: 11-åringane sov godt i midtgangen i Bokn kyrkje heilt til dei vart vekke av orgelmusikk.

Biletet til venstre: Frukostbordet er dekkja i våpenhuset.



Biletet til venstre:

Samling for 4-åringane.

4-åringane på Nedstrand hadde ei samling med mellom anna maling og baking. På denne samlinga var temaet bibelen og ungane fekk barnebibel i neste gudsteneste i kyrkja.

Innsamlingsrekord under TV-aksjonen

av Asbjørn Erdal



Søndag 19.10, i et øsende regnvær, var mange Tysværbuer engasjert i innsamlingen til årets TV-aksjon. Temaet denne gang var »Vann forandrer alt«. Det fenget Tysværbuene som gjorde en stor innsats.

I Tysvær opprettes det hvert år en kommune-komite som består av varaordfører (leder), ordfører og en fra kommuneadministrasjonen. Kommunekomiteen utfordrer lag og organisasjoner for å skaffe bøssebærere. Denne gang var det soknerådene sin tur.

- Dette samarbeidet fungerte veldig bra, og kontaktpersonene ute i de ulike soknerådene gjorde en kjempeflott jobb, sier Liv Jorunn Frønsdal, som er kommunens representant i komiteen. I Tysvær er det 140 bøssebærere som skal i sving for å rekke over alle bygdene. - I år var det et luksusproblem i Tysvær. Vi fikk mer enn nok folk som ønsket å være bøssebærere.

Resultatet i Tysvær ble 595.000 kr, noe som tilsvarer 56 kr pr innbygger. I fjor var det 48 kr pr innbygger. Ny rekord altså! - Nytt av året var at næringslivet ble sterkere involvert. De ble oppringt når formannskapet hadde ringedugnad - her kom det inn nærmere kr 70 000. I tillegg fikk Førland skule inn kr 28 000 til aksjonen under joggedagen, sier Liv Jorunn, som takker alle for flott innsats.


Torleif Pedersen i full sving med å ta i mot bøssebærerne.

LIK kyrkja di på facebook!

Fleire av kyrkjene i Tysvær og Bokn har egne sider på Facebook. Les nyhende og sjå bilete frå kyrkja sine aktiviteter.

Søk og klikk "liker" Aksdal kyrkje, Bokn kyrkje og Nestrland kyrkje.

Tips Kyrkjetonar om andre kyrkjer med egne sider.



Aksdal kyrkje
Lokal virksomhet

Tidslinje Om Bilder Liker Mer

Takk for meg!

Tusen takk for fine år her i Tysvær! Eg har trivst godt i stillinga som ungdomsarbeidar og kjem til å savne alle dei kjekke ungdomane og dei flotte kollegaene i Tysvær kyrkjelege fellesråd! Dessverre har arbeidstida vore vanskeleg å kombinere med familie- og bondegardslivet.

Eg har fått jobb i NAV Vindafjord, og skal jobbe som sosialkonsulent der. Eg startar i ny jobb til nyttår. Eg kjem til å hugse tilbake på åra her i Tysvær med gleda! Det har vore kjekt å følgje utviklinga i ungdomsarbeidet, og få vera ein stor del av dette arbeidet i Førresfjorden.

Eg håpar de held fram med det gode arbeidet, og ynskjer dykk Guds velsigning!

Helsing frå Karianne Dagsland



foto: Asbjørn Erdal

Besøkstjeneste

av Kjersti Hjelmervik Lofthus, diakon

Trenger du en å snakke med, en å gå tur sammen med, spise et måltid sammen med, en som kan lese for deg eller be sammen med deg?

Med en besøksvenn kan du dele hverdags- og livsproblemer, gleder og sorger. En besøksvenn kommer på besøk en til to ganger i måneden, vanligvis på hverdager og på ettermiddag/kveldstid. Dere kan selv planlegge hva dere vil bruke tiden til.

Vi tar gjerne imot nye henvendelser fra personer som kan tenke seg en besøksvenn. Dersom vi ikke finner en besøksvenn som passer, vil du få tilbud om besøk fra diakon eller prest.

Ønsker du å få besøk? Eller ønsker du å bli besøksvenn? Ring diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus på kyrkjekontoret, tlf. 52757700 eller send en mail til khlofthus@tysver.kommune.no

Lunsjtreff i Aksdal kyrkje

Kl. 11.30-13.30

29. januar
26. februar
26. mars
30. april

Programmet er ikke klart ennå, men hver gang blir det andakt, servering av varmmett og utlodning. Et møte blir Misjonsmøte, et møte får vi besøk av Dag Arne Saltnes som skal ha en Åge Samuelsen-konsert i anledning jubileumsår for ham. Februarmøtet er midt i Bispevisitaset, men programmet her er ikke helt klart. Noter datoene og følg med, følg med.



galleri i juletid

PÅ PRESTEGARDEN I NEDSTRAND

Lørdag 6.des & Søndag 7.des kl. 12-17

Torsdag 11.des kl. 17-20



Lun atmosfære, unike kunst & handverk frå Afrika og lokalt. God handel for ei betre verd!

Ta gjerne kontakt for besøk til andre tider!
Vh JANNE EIDE - Tlf 47 23 03 58



Julekonsert i Nedstrand kyrkje

fredag 19. desember kl 21.00

Til julekonserten i Nedstrand kyrkje kjem Embla som er kjent som ein feminin vokaltrio frå Førlandsbygda i Tysvær, med maskulin musikalsk backing. Dei spelar jazzinspirerte visesongar og har hatt over 130 små og store oppdrag de siste årene, med årlig opptreden på Sildajazz og Lørdagsjazz.

I Nedstrand vil dei framføre sine versjonar av kjente julesongar. I konserten deltek og lokalt julekor med solister under ledelse av Arne Jon Myskja

Velkommen til en stemningsfull konsert med hjertet i julefortellingen.



**Samling ved
julekrybba ved
Nedstrand kyrkje**

Alle adventssøndagar kl. 17.00



Unge og eldre kosar seg ilag på ein tidlegare frivillighetsfest.
Velkommen til ny fest 15. januar 2015

Frivillighetsfest i Tysvær kyrkjelyd

av Marit Sofie Teistedal Vikre

**Torsdag 15. januar kl 19.00
arrangeres årets store
frivillighetsfest på Tysvær
Soknehus.**

Alle leiarar og støttespelarar i barne- og ungdomsarbeid, foreiningar, bibelgrupper, kor, gudstenester, møte og Kyrkjenær-arrangement er velkommen denne kvelden!

Karen Hesseberg kjem, og i tillegg blir det god mat, underhaldning, musikkinnslag av lokale artistar mm.

Påmelding innan 5. januar til:
marit-sofie-teistedal.vikre@tysver.kommune.no
Tlf: 481 35 457 / 52 75 77 00

Me syng jula inn

**Skjoldastraumen kyrkje
Fredag 19. desember kl. 19.00**

Velkommen til "Me syng jula inn" i Skjoldastraumen kyrkje. Julekonserten blir ein flott intimkonsert med mange lokale innslag. Kom gjerne tidlig for ein koselig juledrøs over ein kopp gløgg og ei pepperkake.

På plakaten har vi desse navna:
Synnøve Lindanger, Kåre og Ester Åsheim, Hege Øvrebø, Stein Johannes Kolnes, Erlend Dale, Kåre Holgersen, Maria Frøyland, AksSang, Ada S.Høvring.

Prestevikar Einar Andreassen leier kvelden og jobbar med ein samtale med ein gjest som vil dela tankar om jula. Julesongstaffett med tradisjonelle julesongar tek me oss også tid til.

Så håpar me at det kjem mange julesang- og julemusikkglade innom for å hente julestemning!



Velkommen til Adventverkstad

**Vatland bedehus
fredag 5. desember kl. 15.00 - ca 17.00**

Andakt av søndagskulekonsulent
Elisabeth Vatland Fauskanger

Me lagar julepynt.
Utlodning

Ta gjerne med:
Kopp, saks, penger, godt humør, venner,
foreldre og besteforeldre.

Arrangør: Fredagsklubben og Søndagskulen



Julefest

**Vatland bedehus
3. juledag, 27. desember klokka 18.00**

Andakt av Einar Andreassen
Song og musikk av Marta Marie
og Hans Asbjørn Aasbø

Mat, juleopptrinn og gang rundt juletreet.

Alle er velkomne

Internasjonal julefest for hele familien.

**Mandag 8. desember
kl. 18.00 i Aksdal kyrkje**

Stor buffè med mange spennende retter.
Kaffe/te, deilige desserter og julekaker.
Julesang – både sang av One Way og allsang
Julebudskap og tradisjoner v/Janne Eide
Julequiz for små og store
Julefilm og lek i gymsalen for barna

Festen er gratis, men vi ønsker veldig gjerne at deltagere/hver familie tar med en rett, et påleggssfat, en salat eller en dessert. Gi beskjed ved påmelding hvis du kan bidra.

Påmelding, helst innen 5. desember.
52757700/48891427,
khloftus@tysver.kommune.no

«Syng jula inn»

**Bokn kyrkje
torsdag 11. desember kl. 19.00**

Sidan me måtte avlyse konserten i november, fekk me lyst til å ha ei samling der me satsar på lokale krefter og der me sjølv kan ta del i songen.

Boknakoret skal vere med. Me arbeider med å få forskjellige lokale innslag. Men viktigast er det at du tek del i fellesskapen og allsongen.

Sigrun Hole Hosaas vil fortelje om nokre av songane. Arne Aurdal vil ha med ei julefortelling. Denne kvelden er første gongen me tek i bruk den nye salmeboka. Sidan dette er ei større investering for kyrkjelyden, vil det bli teke opp kollekt til å betale bøkene.

**Ta med godt humør og ta del i songen.
Velkommen i alle aldrar.**

Salmesong og endringar i personalet

nytt frå kyrkjevevja

Projektor i kyrkja.

av Jan Magne Moi, kyrkjevevja Bokn

Soknerådet har kjøpt inn projektor og lerret til Bokn kyrkje for at dei som sit i benkene lettare skal kunne følgje med i liturgi og song. Kyrkjevevja var veldig spent på korleis dette skulle bli mottatt av dei som går fast i kyrkja.

Men Sigvart Våga var kjapp til å seie: «Endeleg fekk me dette i Bokn også. Det er så mykje lettare å følgje med når salmane står på veggen».

Det har vore litt begynnarvanskar, og det trengst litt tid til opplæring. Men målet er å kunne nytte projektoren på dei fleste gudstenestane.



Personalnytt

av Eva Birkeland, kyrkjevevja Tysvær

Karianne Dagsland sluttar i stillinga si i desember. Ho byrja i stillinga som ungdomsarbeidar for litt over tre år sida. Nå skal ho over i ei stilling i NAV i Vindafjord.

Gunnbjørg Kallevik sluttar i stillinga si i desember. Ho byrja i stillinga som reinhaldar for tretten år sida. Nå går ho over på avtalefesta pensjon.

Me takkar begge for innsatsen i den tenesta dei har hatt hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste vidare.

Ny salmebok

Torsdag 30. oktober vedtok Bokn sokneråd at den nye salmeboka vert kjøpt inn til Bokn kyrkje. Sjølv sagt vert det då også kjøpt inn digital vare slik at salme i bok og på skjerm stemmer. Det er 899 salmar i boka og 240 er nye salmar.

For å få kjøpe digitalt, må me også kjøpe bøker. (Det er dessutan kjekt å ha om teknikken svikter.) Me må kjøpe inn 61 bøker. Dette vil utgjere 18.000 kroner (300 pr bok).

Vil du vere med å dekke utgifter til innkjøp av bøker? Nytt konto 3373.07.02537.

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST


BARNAS -SIDE

Fargelegg

Teikning: Kari Sortland



Finn rett skygge



Vismennene sin labyrint



Hjelp dei vise menn å finne fram til Jesusbarnet!
Kva for ein veg skal dei velge?

Dei vise menn kastar skugge inn i huset til Josef og Maria, men berre ein er den rette. Kva for ein?



Diakoniutvalget i Førresfjorden menighet ønsker å tilby skyss til gudstjenester i Førre og Aksdal kirker for de som har problemer med å komme dit selv.

Vi har frivillige som har sagt seg villige til å være behjelpelige med transport.

Ønsker du skyss til gudstjeneste- ta kontakt med kirkekontoret v/diakonen senest fredagen før kl. 12.00.
Ring 52 75 77 00 eller 52 75 77 09.

Søndagsope på Soknatun

Møtedatoar våren 2015:

18. januar
1. februar
8. mars
22. mars
19. april
3. mai
31. mai

Møtetidspunkt vert gjort kjend seinare. Følg med på plakatar og www.facebook.com/sondagsope

Preiketekstane - vinteren/våren 2015

søndag 7. desember 2014	2. søndag i adventstiden	1 Kor 15,50-57
søndag 14. desember 2014	3. søndag i adventstiden	Luk 3,7-18
søndag 21. desember 2014	4. søndag i adventstiden	Luk 1,39-45
onsdag 24. desember 2014	Julaften	Luk 2,1-20
torsdag 25. desember 2014	Juledag	Joh 1,1-14
fredag 26. desember 2014	Stefanusdag / 2. juledag	Matt 10,16-22
søndag 28. desember 2014	Romjulssøndag	Luk 2,36-38
onsdag 31. desember 2014	Nyttårsaften	Joh 14,27
torsdag 1. januar	Nyttårsdag / Jesu navnedag	Matt 1,20b-21
søndag 4. januar	Kristi åpenbaringsdag	Luk 2,40-52
søndag 11. januar	2. søndag i åpenbaringstiden	Mark 1,3-11
søndag 18. januar	3. søndag i åpenbaringstiden	Joh 4,4-26
søndag 25. januar	4. søndag i åpenbaringstiden	Joh 9,1-7.35b-38
søndag 1. februar	Såmannssøndag	Mark 4,26-34
søndag 8. februar	Kristi forklarelsesdag	Mark 9,2-13
søndag 15. februar	Fastelavnssøndag	Joh 12,20-33
søndag 22. februar	1. søndag i fastetiden	Matt 16,21-23
søndag 1. mars	2. søndag i fastetiden	Luk 7,36-50
søndag 15. mars	4. søndag i fastetiden	Joh 3,11-16
søndag 22. mars	Maria budskapsdag	Luk 1,46-55
søndag 29. mars	Palmesøndag	Matt 26,6-13
torsdag 2. april	Skjærtorsdag	Luk 22,14-23
fredag 3. april	Langfredag	Matt 26,30-27,50
søndag 5. april	Påskedag	Matt 28,1-10

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/52 75 88 60

Neste nummer kjem i postkassen ca. 13. mars

Frist for stoff til nr 1/2015: 25. februar

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Bokn kyrkje

26.10
Adrian Surnevik Aksdal

Førre kirke

5.10
Henrik Veim Førland
Andrea Wee Førre
Kaja Gravelsæter Helgesen
Marcelie Søderlund
Nora Stakland

Aksdal kyrkje

14.9
Fredrik Lorenz Brandt

21.9
Jonah Sahlin
Margareth Søvik

19.10
Hedda Gautesen
Vemund Hatteland Hundhammer

26.10
Konrad Søvik Eriksen
Nora Søvik Gaard

9.11
Matheus Vestbø Urrang
Torstein Fjellet Skree

Tysvær kyrkje

21.9
Hanna Serine Nordgård

5.10
Aksel Holberg
Gabriel Selje Wegge

19.10
Kasper Engeland Hettervik
Luna Sofia Stiehl (Vår Frelses kirke)

16.11
Alida Isabel Nordmark Bjelland
Christer Olai Brekke
Ludvik Apeland Hausken
Eline Romseland Hølland
Theodor Ødegård

Skjoldastraumen kyrkje

10.9
Tobias Bjørge Halleland

2.11
Hayley Lindanger

Nedstrand kyrkje

14.9
Solveig Breidablik Hustoft
Lizbeth Elisa Kaltveit
Harald Espeland Melz
Amalie Espeland Rossemyr

28.9
Silas Bang Eide
Emil Skåtevik

19.10
Tiril Rørtveit Handeland (Førde kyrkje)

Vigde

Tysvær kyrkje

11.10
Kathleen Baker Askeland
og Svein Harald Askeland

Skjoldastraumen kyrkje

11.10
Cherrylyn Ferrer
og Arne Magne Breiteig

Jordfesta

Førre kirke

17.9 Einar Strand
23.9 Nils Magnus Kallevik
24.9 Laust Bligaard
26.9 Anne Meldahl
17.10 Helene Elise Frøyland
30.10 Borghild Olaug Henden
4.11 Solveig Helene Kallevik Myge

Aksdal kyrkje

26.9 Svein Kåre Håland

Tysvær kyrkje

24.10 Hildur Marie Førland

Nedstrand kyrkje

4.6 Solveig Dorthea
Ytrenes Amdal
12.11 Arne Amdal

Skjoldastraumen kyrkje

19.9 Turid Irene Dueland
22.10 Steinar Brynjulf Stølsvik

Velkommen til kyrkje



Stegaberg bedehus

7. des kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol og Kari Undheim

Førre kirke

24. des kl 14.30 og 16.00

Gudstenester ved Bård Egil Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

4. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp.

1. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp.

29. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp.

Aksdal kyrkje

7. des kl 17.00

Lysmesse ved Bård Egil Dyrhol. Konfirmantane deltek. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

14. des kl 11.00

Gudsteneste ved Gjermund Lygre. Dåp. Offer til Normisjon Mali. Søndagsskule.

24. des kl 14.30 og 16.00

Gudstenester ved Einar Andreassen. Offer til Kirkens Nødhjelp. Gla´sang og Minisong deltek.

25. des kl 12.00

Høgtidsgudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Nattverd. Offer til NMS Sat7. One Way deltek.

31. des kl 16.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

11. jan kl 11.00

Gudsteneste. Nattverd.

18. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp.

8. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

15. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Dåp.

1. mars kl 11.00

Visitasgudsteneste ved biskop Erling Pettersen.

8. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

15. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

22. mars kl 11.00

Gudsteneste.

Tysvær kyrkje

14. des kl 18.00

Vi spiller og synger jula inn.

24. des kl 16.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Julespel.

25. des kl 12.00

Høgtidsgudsteneste ved Arne Aurdal. Dåp.

1. jan kl 19.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

11. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Nattverd.

25. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

8. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T Vikre. Dåp. Bibelutdeling til 5.klassingane.

8. mars kl 11.00

Gudsteneste.

22. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T Vikre. Dåpsskulen deltek.

Bokn kyrkje

14. des kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

24. des kl 14.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Julespel.

26. des kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

31. des kl 16.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal

18. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

1. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

8. febr kl 15.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T Vikre. Bibelutdeling til 5.klassingane.

22. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

15. mars kl 11.00

Gudsteneste. Speiderløftefornyelse.

29. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T Vikre.

Nedstrand kyrkje

14. des kl 13.00

Gudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Misjonsprosjektet.

24. des kl 16.15

Gudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp. Barnekoret deltek.

25. des kl 12.00

Høgtidsgudsteneste. Offer til Normisjon.

31. des

Gudsteneste. Offer til Barnevakten.

11. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

25. jan kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Bibelutdeling til 5.klassingane.

8. febr kl 11.00

Gudsteneste.

22. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

15. mars kl 11.00

Gudsteneste.

Skjoldastraumen kyrkje

14. des kl 11.00

Gudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Misjonsprosjektet.

24. des kl 15.00

Gudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

26. des kl 11.00

Gudsteneste. Offer til Kirkens Bymisjon.

18. jan kl 11.00

Gudsteneste.

1. febr kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Bibelutdeling til 5.klassingane.

22. febr kl 13.00

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

8. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

22. mars kl 11.00

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Dåpsskulen deltek.